

# Søknad om tilskot til bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling i Bergensområdet.

**Merknad:** KMD40250 Tangen

**Tilskotsordning:** Bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling.

**Prosjektnamn:** Arealtiltak for ein berekraftig og attraktiv byutvikling i Bergensområdet

## Kontaktopplysingar

Funksjon	Namn	Adresse/poststed	Telefon/e-post
Søkar /prosjekteigarar	Hordaland fylkeskommune Askøy kommune Fjell kommune Lindås kommune Os kommune	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen Klampavikvegen 1, 5300 Askøy Foldnesvegen 1, 5354 Straume Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø Rådhuset, Torggata 7, 5202 Os	
Kontaktperson	Kjetil Bø Omarstrand	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen	tlf: 40806285/ kjetil.bo.omarstrand@hfk.no
Prosjektleder	Kjetil Bø Omarstrand	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen	tlf: 40806285/ kjetil.bo.omarstrand@hfk.no

## Bakgrunn

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017 – 2028 (RATP) vart vedteke i Fylkestinget 14. juni 2017. Den overordna målsettinga i planen er at Bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion som utnyttar både samfunnsressursar og infrastruktur på ein effektiv måte. Planen leggje til rette for samordna planlegging og eit klimavenleg- og arealeffektivt utbyggingsmønster i Bergensområdet. Den skal også bidra til at transportveksten i Bergensområdet skjer i tråd med nullvekstmålet, og takast med kollektiv, sykkel og gange. RATP er ein integrert del av byvekstavtalen mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og staten som skal gjelda for åra 2017 – 2023. Forslag til Byvekstavtalen for Bergensområdet vart vedteken 13. juni av Fylkestinget. Fylkestinget føreset at avtalen vert reforhandla seinast våren 2018, og utvida til å gjelda regionsenterkommunane Askøy-, Fjell-, Lindås og Os kommunar.

Som eit bidrag til oppfølging av planen og byvekstavtalen, vert det i eit møte mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og regionsenterkommunane i Bergensområdet 12. mai 2017 føreslått at Hordaland fylkeskommune skulle sende ein felles søknad om tilskot til prosjektmidlar på vegne av regionsenterkommunane. Bergen kommune sender inn ein eige søknad knytt til fortetting i regionsenterane som ligg nærast Bergen.

## Prosjektbeskriving

Innspele og handlingsprogrammet i RATP blir sett i samanheng. Ut i frå ein vurdering om best mogleg utnytting av ressursar vil vi søkje om midlar til to tematiske prosjekt. Vi har valt å ta utgangspunkt i problemstillingar som kommunane ønskjer å belyst i tillegg til tiltak frå handlingsprogrammet til RATP. Felles for dei tematiske prosjekta skissert her er, at dei vil bidra til å utvikle eit forum for samarbeid mellom fylkeskommunen, staten og kommunar, der ein samarbeider om ein konkrete problemstillingar som er felles for alle regionsenterkommunane i Bergensområdet. Prosjektet vil tilføre den politiske diskusjonen eit godt fagleg grunnlag som igjen vil kunne bidra positivt til målsettinga om nullvekst i personbiltrafikken.

### 1. Felles fagleg grunnlag for parkeringspolitikk

## Innleiing

Som ein del av oppfølginga av RATP er det eit ønske om å få utarbeidd eit felles fagleg grunnlag for parkeringspolitikk i Bergen og regionsenterkommunane i Bergensområdet. Dette vil vere oppfølging av eit tiltak i handlingsprogrammet til RATP (2017-2021) kor målet er å utforme eit fagleg grunnlag for differensierte parkeringspolitikk i Bergensområdet. Dette skal danne grunnlaget for utarbeidinga av kommunale føresegrer

for parkering. Regionsenterkommunane har trong for eit felles fagleg grunnlag for å vurdera felles parkeringsanlegg som kan betene regionsenteret sitt behov og eventuelt innfartsparkering. Ein klar føresetnad er at parkeringspolitikken bidreg til å nå nullvekstmålet for personbiltrafikk som omtalt i RATP. I tillegg må parkeringspolitikken bidra til å utvikle attraktive regionsenter i tråd med regional plan for attraktive senter i Hordaland.

### **Prosjekt mål**

Parkeringspolitikk som bidrag til nullvekst i personbiltransport og attraktive regionsenter

### **Kunnskapsbehov**

Kartlegge eksisterande parkeringspolitikk i kommunane

Fagseminar om parkeringspolitikk og parkeringsordningar med oppdatering av handlingsrom for kommunane

### **Milepælar**

Oppstart: hausten 2017

Avslutning: hausten 2018

### **Aktivitetar**

- Administrativt forarbeid og forankring i regionsenterkommunane
- Utgreiing og analyse
- Prosess, verkstader og høyringar
- Oppsummering
- Tilråding om parkeringsføresegner
- Felles fagleg grunnlag for fellesanlegg for parkering
- Formidling

## 2. Forprosjekt kompetanseheving sykkelplanlegging i Bergensområdet

### **Innleiing**

Staten, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og regionsenterkommunane i Bergensområdet har alle ambisjonar om å auka andelen syklande. Etter innspel frå regionsenterkommunane i Bergensområdet er det ønskjeleg å gjennomføra eit forprosjekt knytt til kompetanseheving innan sykkelplanlegging. Dette er samanfallande med målsettinga i fleire regionale planar; Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028, Regional transportplan 2018-2029 og Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026.

### **Prosjekt mål**

Auke kompetansen i kommunane om sykkelplanlegging

### **Kunnskapsbehov**

Kartlegge kompetansebehov i kommunane

### **Milepælar**

Oppstart: hausten 2017

Avslutning: hausten 2018

### **Aktivitetar**

- Kartlegging av kompetansebehov
- Utgreie korleis vi skal løyse kompetansebehovet for sykkelplanlegging i kommunane
- Verkstad med kommunane, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune
- Organisering av kompetansetiltak

## Kostnadsplan

Tabell 1 Tall i hele tusen kroner

<b>Felles fagleg grunnlag for parkeringspolitikk</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>Sum</b>
Administrative utgifter - eigeninnsats	300	300	600
Gjennomføring av to verkstader	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>200</b>
SUM	400	400	800
<b>Forprosjekt kompetanseheving sykkelplanlegging i Bergensområdet</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>Sum</b>
Administrative utgifter - eigeninnsats	300	300	600
Gjennomføring av verkstader	100	100	200
SUM	400	400	800
Total			1600

## Finansieringsplan

I denne fasen er kostnadene i stor grad knytt til eigeninnsats og utlegg til verkstader. Vi søker om inntil 50 % kompensasjon for ressursbruk i forbindelse med gjennomføring av prosjekta. Ytterlegare avklaring må gjerast i samarbeid med kommunane.